

HAR DU VERNEVERDIG SKOG PÅ EIGEDOMMEN DIN?

DÅ KAN FRIVILJUG VERN
VERE AKTUELT FOR DEG!



MILJØ-
DIREKTORATET



Norges
Skogeierforbund



at skog

KVA ER FRIVILJUG VERN AV SKOG?

Friviljug skogvern er ei ordning der skogeigaren sjølv tilbyr skogareal til vern mot erstatning. Dersom området har natur- og miljøkvalitetar som gjer det aktuelt for vern, og vernestyresmaktene takkar ja til tilbodet, kan området vernast som naturreservat etter naturmangfaldlova.

Skogeigaren får gratis rådgjeving og hjelp frå AT Skog undervegs i utrgreiingsprosessen for friviljug vern. AT Skog kan hjelpe med alt frå avgrensinga av verneområdet, vilkår for vern og erstatningsforhandlingane med staten. Viss skogeigaren ikkje er fornøgd med utfallet kan han/ho når som helst trekkje seg undervegs i prosessen.

Skogeigaren vil få skattefri erstatning for området som blir verna. Denne erstatninga er basert på verdien av å drive skogbruk i området. Skogeigar har framleis eigedomsretten, samt jakt-, fiske- og beiterettar.

I DETTE HEFTET KAN DU LESE MEIR OM:

- **kva areal som har verneverdi**
- **kva erstatninga er basert på**
- **korleis prosessen går føre seg**
- **kva vernet betyr for vidare bruk av eigedommen**

Lengst bak i heftet finn du informasjon om kven du kan kontakte viss du vil vite meir om ordninga.



KVA AREAL HAR VERNEVERDI?

Det er særleg gammal skog som har verneverdi. Avhengig av boniteten i området kan gammal skog i seg sjølv ha verneverdi viss den er over ein viss storleik:

- Skog på høg bonitet med større areal enn 100 dekar
- Skog på middels bonitet med større areal enn 500 dekar
- Skog på låg bonitet med større areal enn 1000 dekar

Viktigare enn storleiken, er kvalitetane området inneheld med tanke på skogstruktur, vegetasjon og artsmangfald. Slike kvalitetar vil ofte vere fanga opp av ulike typar registreringar i offentlege databasar med miljøinformasjon. Særleg aktuelle kvalitetar kan vere:

- Høg konsentrasjon av nøkkelbiotopar
- Trua artar etter Raudlista for artar
- Trua naturtypar etter Raudlista for naturtypar
- Prioriterte artar
- Utvalde naturtypar
- Nasjonalt viktige naturtypar etter DN handbok 13
- Særskilt naturvitenskapleg verdi

Også gammal skog, som grensar inn til eksisterande reservat, kan ha verneverdi. Dette er fordi ein ynskjer større samanhengande område med produktiv skog i naturreservata.

Ved å gå inn i NIBIOs si innsynsløysing Kilden (tilgjengeleg frå [kilden.nibio.no](#)) kan ein finne kartfesta informasjon om artar, naturtypar og verneområde.



KVA ER ERSTATNINGA BASERT PÅ?

Erstatninga ved friviljug vern av skog er basert på verdien av å drive skogbruk i området. Sjølve erstatningssummen er basert på dagens verdi av skogen som står der, og verdien av framtidig skogbruk. I utrekninga nyttar ein ei rente bestemt av Högsterett, som er lik for alle erstatningssaker i Noreg.

Grunnlaget for verdiberekninga er ein takst av skogen. I tilfelle der skogeigaren har skogbruksplan, vil ei framskriving av denne ligge til grunn for verdivurderinga. I tillegg blir det gjort synfaringar for korrigering av takstdataene i planen.

Etter takst og synfaring reknar Statens skogsakkyndig ut eit erstatningstilbod basert på tømmerpris, sortiment- og treslagsfordeling, skogen sin alder, kubikkmasse, tilvekst, bonitet og driftskostnader. Deretter vert erstatningstilboden sendt til skogeigaren. Sakkyndig hos AT Skog vil hjelpe skogeigaren med å vurdere tilboden og stå for forhandlinga med Staten. Dersom partane ikkje blir samde, står skogeigaren fritt til å trekke tilboden.

Erstatninga vert utbetalt når verneområdet er vedteke som naturreservat av Kongen i statsråd. Erstatninga vert utbetalt som ein eingongssum, og er unnteken gevinstskattlegging.

KVA BETYR VERNET?

Når et område vert verna som naturreservat inneber det vern av trea, vegetasjonen og dyrelivet i området. Normalt er jakt, fiske og hausting av bær og sopp likevel tillate.

Skogeigaren avstår retten til å drive skogbruk i naturreservatet, og vil difor få erstatning for tapet av framtidige inntekter knytta til skogbruk i området. Skogeigar har framleis eigedomsretten, samt jakt-, fiske- og beiterettane i området.

Forvaltninga av naturreservatet er regulert av naturmangfaldloven. Alle naturreservat får i tillegg si eiga verneforskrift, som regulerer bruken av området. Mellom anna vert bruk og vedlikehald av eksisterande vegar, stiar, sætrar og hytter omtala i verneforskrifta. Det same gjeld tilretteleggingstiltak for jakt, fiske, beite og friluftsliv, som for eksempel oppsetjing av jakttårn eller oppføring av gjerde.

Skogeigaren kan delvis påverke innhaldet i verneforskrifta. AT Skog har kunnskap om kva krav som kan stillast, og kan hjelpe skogeigaren med dette.



FRIVILJUG VERN-PROSESSEN

ProsesSEN er friviljug og kostnadsfri for skogeigar. Dersom skogeigar undervegs ikkje føler seg komfortabel med utfallet, kan han/ho når som helst trekkje seg. Alle nødvendige utgifter som er tilknytta prosessen vert dekka av Staten, uavhengig av om området endar opp med å bli verna eller ikkje.

AT Skog hjelper skogeigaren undervegs i prosessen med rådgjeving, kartlegging, synfaringar, taksering, kontakt til styresmaktene, erstatningsforhandlingar og diskusjonar omkring innhaldet i verneforskrifta.

Friviljug vern-prosessen kan gjerne delast inn i fire fasar. Fyrst er det ein uformell prosess mellom skogeigaren og AT Skog, der ein finn fram til eit framlegg om avgrensing og kva vilkår skogeigaren set for å tilby arealet.

Deretter startar den formelle prosessen med at skogeigaren tilbyr arealet for vern til vernestyremaktene. Dei gjer så ei vurdering av om området har verneverdi eller ikkje. Vanlegvis vil biologar få i oppdrag å gjennomføre ei "bioregistrering", - ei kartlegging av miljøkvalitetar i området.

Dersom vernestyremaktene finn området verneverdig, vert det gjort takseringar som erstatningstilbodet vert basert på. Når begge partane er samde, vert saka sendt på høyring til aktuelle høyringspartar.

Til slutt vert verneområdet vedteke som naturreservat av Kongen i statsråd.

Heile prosessen tek gjerne tre år frå start til slutt, men her er det store skilnader frå sak til sak. Nokre gonger kan det gå raskare, medan det i saker med mange involverte skogeigarar kan ta lengre tid.

Informasjon til skogeigar

Avtale med AT Skog

Tilbodsbrev

ProsesSEN vert gjort offentleg

Svar frå Statsforvaltaren

Bioregistrering

Endeleg svar frå Statsforvaltaren

Takst på skogen

Erstatningstilbod

Forskrifter/grenser

Forhandling

Avtale

Høyring 6-8 mnd

Kongen i statsråd

Viss du ynskjer å få ei vurdering av om skogen din kan vere aktuell for vern, kan du ta kontakt med AT Skog for ein uforpliktande prat.

Prosesen er kostnadsfri, og du treng ikkje å vere medlem.



VESTLAND OG NORD-ROGALAND

Jan Ivar Rødland
Teamleiar Friviljug vern
jan.rodland@atskog.no
907 27 145




VESTLAND (TIDLEGARE SOGN OG FJORDANE)

Maren Stien Johansen
Prosjektleiar Friviljug vern
maren.johansen@atskog.no
454 69 981



VESTLAND

Inger Marie Hernes
Prosjektleiar Friviljug vern
inger.marie.hernes@atskog.no
957 65 901



MIDTRE – OG INDRE VESTLAND OG NORD-ROGALAND

Vebjørn Enerstvedt
Prosjektleiar Friviljug vern
vebjorn.enerstvedt@atskog.no
936 66 883



AGDER OG SØR-ROGALAND

Fredrik Bøhler
Prosjektleiar Friviljug vern
fredrik.bohler@atskog.no
913 98 177



AGDER OG TELEMARK

Tron Olav Tinnes
Prosjektleiar Friviljug vern
tron.olav.tinnes@atskog.no
415 16 741